



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteprotokoll

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtestad: Teams

Dato: 24.02.2026

Tidspunkt: 09:00 - 10:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leder	Vang kommune
Harald Sve Bjørndal	Medlem	Vågå kommune
Marit Sletten	Medlem	Lom kommune
Trude Brosvik	Medlem	Vestland fylkeskommune
Geir Arve Sandvik	Medlem	Luster kommune
Christian Sønstlien	Nestleder	Årdal kommune
Åse Harjo Øvstegård	Medlem	Innlandet fylkeskommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn

Stein Olav Windingstad

Kari Sveen

Kristine Selbervik Lund

Eldrid Nedrelo

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Leif Solemsli

Åse Harjo Øvstegård

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/2026	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/2026	Referatsaker		
RS	Vedtak - statlig investering i egen merkevare - Norges nasjonalparker - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2026/914
ST 3/2026	Delegerte vedtak		
1/2026	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - snødekt mark - utsetting av fisk - Lom fjellstyre		2025/13177
2/2026	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - snødekt mark - utkøyring av saltstein - Besstrondfjellet Beitelag		2026/201
3/2026	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - øvingsplan - kjentmannskøyring - Norsk Folkehjelp Årdal		2026/542
4/2026	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - 2026 - snødekt mark - sjekke isforhold før planlagt filmopptak - Gjende - Sjodalen hytteservice		2025/12396
ST 4/2026	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2026		2026/1312
ST 5/2026	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Prioritering av midlar til tiltak i verneområde - SNO-ressursar - 2026		2025/11936
ST 6/2026	Jotunheimen NP - dispensasjon - byggetiltak - 2026 - oppsetting av utedo - Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre		2026/2156
ST 7/2026	Utladalen LVO - Dispensasjon - Opprusting av hovedhuset på Lauvhaugen - Lars Ove Skorpen		2026/692
ST 8/2026	Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - snødekt mark - kvisting av skiløype - Trollvann - Tyinholmen Høyfjellsstuer		2026/1973
ST 9/2026	Dispensasjon - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - 2026 - Motorferdsel - Helikopter - Snøskuter - Transport av materialer, utstyr og personell til Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn		2025/14331
ST 10/2026	Jotunheimen NP - dispensasjon - 2026 - organisert ferdsl - speiderarrangement - Prosjektgruppen for Nordic Adventure Race 2026		2025/14098
ST 11/2026	Eventuelt		

ST 1/2026 Godkjenning av innkalling og dagsorden

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen -
24.02.2026**

Behandling

Vedtak

Innkalling og dagsorden godkjent.

Åse Harjo Øvstegård vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 2/2026 Referatsaker

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen -
24.02.2026**

Behandling

Referatsaka vart gjennomgått av forvaltar.

Sak RS-2026/914:

Kari Sveen orienterte om saka som gjeld eit brev frå Norges nasjonalparkkommunar om *Statlig investering i egen merkevare - "Norges nasjonalparker"* som er sendt til Klima- og miljøverndepartementet. I brevet ber Norges nasjonalparkkommunar regjeringa om å innføre ei statleg kompensasjonsordning for kommunar som husar verneområde.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering, og forvaltar sender brevet på e-post til styremedlemmane.

ST 3/2026 Delegerte vedtak

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen -
24.02.2026**

Behandling

Vedtak

Delegerte vedtak vart tekne til orientering.

ST 4/2026 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2026

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen godkjenner følgjande møteplan for resten av 2026 med fastsetjing av dato der det er fleire alternativ å velja i:

Dato	Alternativ dato	Ramme for møtet
24. februar		Teams. Møteplan, budsjett og innkomne saker
18. mars	20. mars	Teams, innkomne saker
28. april	16. april	Innkomne saker, Vang / Øystre Slidre
22. - 24. juni	15. juni, 8. jun	Studietur, ev. styremøte / styremøte m/synfaring til Gjendebu
9. - 10. sept.	2. - 3. sept	Styremøte og Rådgjevande utval, Lom
24. november	18. november, 25. november	Styremøte, søknad om tiltaksmidler, Teams

Møtekalenderen blir supplert med møte i Arbeidsutvalet (AU) dersom det kjem saker som krev raskare avklaring og som ikkje er rutinesaker med høve til administrativ behandling.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 24.02.2026

Behandling

Føreslåtte møtedatoar kolliderer med andre møte for enkelte av styremedlemmane. Ved kollisjon for enkeltmedlem kan vara kallast inn etter nærare tilbakemelding frå styremedlemmane.

Kari Sveen viste ein presentasjon og orienterte om relevante område å besøke, i Lofoten og Femundsmarka/Fulufjellet, med tanke på felles utfordringar om m.a. styring av ferdsel i sårbar natur.

Etter vurdering og oppteljing av alternative forslag var det semje om at følgjande datoar vert sett opp i møteplanen

- 18. mars (Teams)
- 28. april (Vang/Øystre Slidre)
- Studietur: Forvaltarane jobbar vidare med eit forslag til tur til Femundsmarka/Fulufjellet og kjem med nytt forslag til datoar til møtet i mars.
- 9.-10. september, møte i Rådgjevande utval (Lom)
- 25. november (Teams)

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen godkjenner følgjande møteplan for resten av 2026:

Dato	Ramme for møtet
24. februar	Teams, møteplan, budsjett, innkomne saker
18. mars	Teams, innkomne saker
28. april	Innkomne saker, Vang/Øystre Slidre
mai/juni/aug.	Studietur. Forvaltarane førebur eit forslag til tur til Femundsmarka/Fulufjellet og kjem med nytt forslag til datoar til møtet den 18. mars.
9. - 10. sept.	Styremøte og Rådgjevande utval, Lom
25. nov.	Teams

ST 5/2026 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Prioritering av midlar til tiltak i verneområde - SNO-ressursar - 2026

Innstilling frå forvaltar

Det vart søkt om totalt 2.070.000 kroner, fordelt på 1.175.000 til forvaltningstiltak og 895.000 til skjøtsel. Skjøtselstiltak er frå og med 2026 overført frå SNO-budsjett til forvaltninga. Søknad om tiltak og skjøtelsmidlar er innvilga fullt ut. Det er svært positivt, da Jotunheimen er eit trafikktett område med stort behov for tilrettelegging og stiskjøtsel for å førebyggje og reparere erosjonsskader. Det kan verta behov for å søke om tilleggsmidlar til tiltak dersom det blir opna for dette i løpet av året. Både Utladalen og Jotunheimen har større område med kulturlandskap der det har vore utført kontinuerleg skjøtsel over tid, og som bør vidareførast.

1. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og til planarbeid.

	Søknad	Tildeling
Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	kr. 340.000	uavklara
Arbeid med forvaltningsplan / besøksstrategi	kr. 150.000	
Grunnstøtte drift	kr. 100.000*	
Sum løyving under post 14.20.21	kr. 590.000	

2. Grunnstøtte drift på 100.000* (ikkje stadfesta) over post 14.20.21 – skisse til fordeling.

Kan bli justert/endra, basert på behovsvurderingar undervegs gjennom året.

Vedlikehalde og supplere tilrettelegging – jf. besøksstrategien	100.000
FDV-plan for sikringstiltak Jotunheimen og Utladalen	30.000
Vedlikehald og mindre tiltak ved innfallsportane - Utkikkspunkt Sognefjellet, kanalisering / oppgrusing av tilrettelagt sti - Stell av området ved innfallsport til Utladalen (avtale besøkscenter) - Utsiktspunkt Vettisfossen - Forvaltning/Drift /Vedlikehald	30.000

Årlege driftskostnader på etablerte tiltak - Drift innfallsport Veodalen (tømming av utedo og søppel) - Drift ved Sognefjellshytta, demontering og oppsett av rekkverk - Tilsyn/vedlikehald av boltar/kjetting - Bukkelægeret og Besseggstien	30.000
Til disposisjon, vedlikehald/drift elles	10.000

3. Drift av sekretariatet inngår i budsjetttramme for Statsforvaltarane i Innlandet og Vestland. Nasjonalparkstyret legg til grunn at løyvingane til sekretariat blir tilpassa det behovet ein har for å kunne følgje opp arbeidet med kunnskapsbasert forvaltning av verneområda. Styret finn det uheldig dersom budsjettet ikkje gjev rom for å følgje opp med nødvendige synfaringar og deltaking på møte og samlingar som krev reiser. Budsjettet må ta høgde for at deltaking på landsdekkande fagsamlingar som kan krevje flyreiser og ekstra overnattingar – dette gjeld særleg for stillinga plassert på vestsida.

4. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer dei innvilga 2.070.000 kr. til tiltak og skjøtselsmidlar for 2026 slik:

A. Skilt, informasjonstiltak	Kr.
Utsifting og fornying av tavler ved innfallsportar	100.000
B. Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen	
Besseggstien opp frå Memurubu - oppgradering og reparasjon slitasje	1.000.000
Stitiltak og klopplegging Vettismorki / Utladalen	75.000
C. Skjøtsel	
Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	390.000
Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	210.000
Styving/rising av alm og lind i heimre Utladalen	60.000
Krattrydding/vedlikehald kulturlandskap Øvre Utladalen	40.000
Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet	130.000
Slått av kve ved Gjendebu, annakvart år. Sist utført 2024.	35.000
Styrt beite ved Gjendebu (geit)	30.000
Sum tiltak	2.070.000

Forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar mellom tiltak dersom det blir meir eller mindre forbruk enn stipulert. Styret blir orientert i første møte.

5. Plassering av eigne ferdselsteljarar (eco-counter) blir prioritert slik:

A) Teljarar med direkte avlesing (4 stk.)

- Knutshøe, for å få oppdaterte tal i eit område med ferdselsutfordringar og forsøk på styring av ferdsel til etter 1. juli gjennom pilotprosjekt i UT.no.
- Skagastølsdalen, for å få eit inntrykk av tal besøkande inn mot Hurrungane / Vest-Jotunheimen i sommarhalvåret
- Galdhøpiggen frå Juvflye eller frå Visdalen, for å få eit inntrykk av samla ferdsel mot Piggen på berrmark. Avansert teljar med større rekkevidde.

- Veslløyfte, Besseggenstien. Teljing på same plass som 2017-24, for å kunne følgje utviklinga ved Nasjonal Turiststi Besseggen over ein lengre periode.

B) Enkle teljarar (4 stk.)

- Teljing ved Vetti på sti opp mot Vettismorki og på sti innunder fossen, for å følgje utviklinga på tal besøkande før og etter tilrettelegging med nytt utsiktspunkt på Vettismorki. Samanlikne ferdsel mot fossen oppe og nede.
- Jostigen, for å få eit inntrykk av ferdsel i sårbart terreng
- Anlegget ved Sognefjellshytta for å sjå utvikling av trafikk på tilrettelagt område.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 24.02.2026

Behandling

Kari Sveen orienterte om saka:

Det har kome slik melding om tildeling av midlar til styret, planarbeid og drift:

Navn	Status	Innvilget beløp	Kommentar
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen/Utladalen 2026	Innvilget	Kr 340 000	
Forvaltningsplan og besøksstrategi	Innvilget	Kr 100 000	
Drift - tildeling etter fordelingsnøkkel	Innvilget	Kr 100 000	tildeling grunnstøtte
Antall: 3		Kr 540 000	

Styrebudsjett og drift er i tråd med søknad. Til forvaltningsplan og besøksstrategi er det litt mindre enn vi søkte om, men ein vil tilpasse aktiviteten innan økonomiramma.

Vedtak

Samrøystes som innstillinga.

Pkt. 1 og 2 oppdatert i tråd med tildeling:

Det vart søkt om totalt 2.070.000 kroner, fordelt på 1.175.000 til forvaltningstiltak og 895.000 til skjøtsel. Skjøtselstiltak er frå og med 2026 overført frå SNO-budsjett til forvaltninga. Søknad om tiltak og skjøtelsmidlar er innvilga fullt ut. Det er svært positivt, da Jotunheimen er eit trafikkert område med stort behov for tilrettelegging og stiskjøtsel for å førebyggje og reparere erosjonsskader. Det kan verta behov for å søke om tilleggsmidlar til tiltak dersom det blir opna for dette i løpet av året. Både Utladalen og Jotunheimen har større område med kulturlandskap der det har vore utført kontinuerleg skjøtsel over tid, og som bør vidareførast.

1.Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og til planarbeid.

	Søknad	Tildeling
Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	kr. 340.000	340.000

Arbeid med forvaltningsplan / besøksstrategi	kr. 150.000	100.000
Grunnstøtte drift	kr. 100.000*	100.000
Sum løyving under post 14.20.21	kr. 590.000	540.000

2. Grunnstøtte drift på 100.000 over post 14.20.21 – skisse til fordeling.

Kan bli justert/endra, basert på behovsvurderingar undervegs gjennom året.

Vedlikehalde og supplere tilrettelegging – jf. besøksstrategien	100.000
FDV-plan for sikringstiltak Jotunheimen og Utladalen	30.000
Vedlikehald og mindre tiltak ved innfallsportane - Utkikkspunkt Sognefjellet, kanalisering / oppgrusing av tilrettelagt sti - Stell av området ved innfallsport til Utladalen (avtale besøkssenter) - Utsiktspunkt Vettisfossen - Forvaltning/Drift /Vedlikehald	30.000
Årlege driftskostnader på etablerte tiltak - Drift innfallsport Veodalen (tømming av utedo og søppel) - Drift ved Sognefjellshytta, demontering og oppsett av rekkverk - Tilsyn/vedlikehald av boltar/kjetting - Bukkelægeret og Besseggstien	30.000
Til disposisjon, vedlikehald/drift elles	10.000

3. Drift av sekretariatet inngår i budsjetttramme for Statsforvaltarane i Innlandet og Vestland.

Nasjonalparkstyret legg til grunn at løyvingane til sekretariat blir tilpassa det behovet ein har for å kunne følgje opp arbeidet med kunnskapsbasert forvaltning av verneområda. Styret finn det uheldig dersom budsjettet ikkje gjev rom for å følgje opp med nødvendige synfaringar og deltaking på møte og samlingar som krev reiser. Budsjettet må ta høgde for at deltaking på landsdekkande fagsamlingar som kan krevje flyreiser og ekstra overnattingar – dette gjeld særleg for stillinga plassert på vestsida.

4. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer dei innvilga 2.070.000 kr. til tiltak og skjøtselsmidlar for 2026 slik:

A. Skilt, informasjonstiltak	Kr.
Utsifting og fornying av tavler ved innfallsportar	100.000
B. Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen	
Besseggstien opp frå Memurubu - oppgradering og reparasjon slitasje	1.000.000
Stitiltak og klopplegging Vettismorki / Utladalen	75.000
C. Skjøtsel	
Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	390.000
Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	210.000
Styving/rising av alm og lind i heimre Utladalen	60.000
Krattrydding/vedlikehald kulturlandskap Øvre Utladalen	40.000
Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet	130.000
Slått av kve ved Gjendebu, annakvart år. Sist utført 2024.	35.000
Styrt beite ved Gjendebu (geit)	30.000
Sum tiltak	2.070.000

Forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar mellom tiltak dersom det blir meir eller mindre forbruk enn stipulert. Styret blir orientert i første møte.

5. Plassering av egne ferdselsteljarar (eco-counter) blir prioritert slik:

A) Teljarar med direkte avlesing (4 stk.)

- Knutshøe, for å få oppdaterte tal i eit område med ferdselsutfordringar og forsøk på styring av ferdsel til etter 1. juli gjennom pilotprosjekt i UT.no.
- Skagastølsdalen, for å få eit inntrykk av tal besøkande inn mot Hurrungane / Vest-Jotunheimen i sommarhalvåret
- Galdhøpiggen frå Juvflye eller frå Visdalen, for å få eit inntrykk av samla ferdsel mot Piggen på berrmark. Avansert teljar med større rekkevidde.
- Veslløyfte, Besseggenstien. Teljing på same plass som 2017-24, for å kunne følgje utviklinga ved Nasjonal Turiststi Besseggen over ein lengre periode.

B) Enkle teljarar (4 stk.)

- Teljing ved Vetti på sti opp mot Vettismorki og på sti innunder fossen, for å følgje utviklinga på tal besøkande før og etter tilrettelegging med nytt utsiktspunkt på Vettismorki. Samanlikne ferdsel mot fossen oppe og nede.
- Jostigen, for å få eit inntrykk av ferdsel i sårbart terreng
- Anlegget ved Sognefjellshytta for å sjå utvikling av trafikk på tilrettelagt område.

ST 6/2026 Jotunheimen NP - dispensasjon - byggetiltak - 2026 - oppsetting av utedo - Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel § 3 pkt 1.3 h) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark dispensasjon til Luster Austre fjellstyre for oppføring av ein enkel utedo i tilknytning til fjellstyrehytta ved Gjertvatnet

Vilkår for løyvet:

1. Utedo kan oppførast i storleik 1,2 m x 1,8 m som oppgjeve på teikning, eller inntil 2,5 m² grunnflate (utvendig mål). Høgd i framkant på byggverket reduserast frå 2,4 m som på teikning til maks. 2,2 m. Doen plasserast søraust for hytta som vist på flyfoto i søknaden.
2. Utedoen skal ha pulttak og utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk for eit slik enkelt uthus. Innsendt byggeteikning synest å tilfredsstille krav til byggestil.
3. Farge og materialval skal vera slik at bygget går mest mogleg i eitt med landskapet - jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd. Doen skal påførast beis i same farge som hytta. Takmateriale skal vera enten takpapp/shingel eller takplate med mørk og matt overflate.
4. Fjellstyret har ansvar for miljømessig god drift, ved god informasjon til alle brukarane. Dersom det blir kasta søppel i doen, må det vurderast tiltak som uttransport av alt som ikkje er lett nedbrytbart, og eventuelt stenging av doen for andre enn dei som nyttar hytta.
5. Etter bygging skal alle bygningsmaterialar som er til overs ryddast og transporterast ut av frå området, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1. Ubehandla treverk kan nyttast som ved.

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6 f), får Luster Austre fjellstyre dispensasjon for nødvendig transport av materialar og utstyr til utedoen. Vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for ein tur/retur med 2 skuterar med slede på strekinga Turtagrø – Helgedalen – Keisarpasset – Gjertvasshytta.

- Løyve for snøskuter gjeld frå vedtaksdato til 31. mars 2026. Dersom transporten ikkje kan gjennomførast innan 1. april i år, kan løyvet utsetjast til etterjulsvinteren 2027.
- SNO v/ Stein Olav Windingstad skal varslast om dato seinast dagen før oppstart av transportoppdraget (mobilnr. 957 09 933, eller e-post stein.olav.windingstad@miljodir.no) Ved varsel om oppstart skal reg.nr. på skuterane meldast inn.
- Løyvet skal takast med under oppdraget for å kunne visast fram ved ev. kontroll.
- Motorferdslo skal så langt det er råd leggjast til vekedag - jf. føringar i forvaltningsplanen kap. 8.15.5, pkt. b), om å unngå motorisert ferdsel i høgtid og på helgedagar.
- Utfylt køyrebok returnerast til nasjonalparkforvaltar ved sesongslutt.
- Når utedoen står ferdig (inkl. beising) skal det takast foto og sendast til forvaltninga.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 24.02.2026

Behandling

Vedtak

Samrøystes som innstillinga.

ST 7/2026 Utladalen LVO - Dispensasjon - Opprusting av hovedhuset på Lauvhaugen - Lars Ove Skorpen

Innstilling fra forvalter

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen avslår søknaden om ombygging og endring av fasader på nordveggen, vestveggen og sydveggen på hovedhuset i Lauvhaugen. Avslaget er begrunna med at omsøkt ombygging ikke er i tråd med verneformålet i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 1 der hovedformålet med landskapsvernområdet er å ta vare på *«eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande»*, og vidare er formålet bl.a. å ta vare på et kulturlandskap der gårdsbygninger utgjør en vesentlig del av landskapet sin egenart.

Det er lagt særlig vekt på at en ombygging av nord-, vest- og sydveggen på hovedhuset vil svekke de byningsmessige verneverdiene og danne grunnlag for uheldig presedens, slik at en på sikt vil miste verneverdiene knytta til kulturlandskapet. Gårdsbygningene utgjør en vesentlig del av kulturlandskapet, og mange mindre endringer vil kunne endre karakteren til husene og slik endre opplevelsen av deres tilhørighet i landskapet.

Nordveggen, vestveggen og sydveggen på hovedhuset kan holdes vedlike i samsvar med verneforskrifta § 1.2 b). *«Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet.»* Dvs. at eksisterende materialer,

vinduer, kledningsbord og vindskier kan skiftes ut med like materialer, med samme form og størrelse på disse veggene. Det vises til tilstandsrapport som bekrefter at dette er en mulig løsning: «*Enkelte bord må skiftes ut og hele fasaden kan vaskes, skrapes og males på nytt*» -", og til fylkeskommunens tilråding om at «øydelagte kledningsbord skiftast og at fasaden målast med linoljemaling.»

I medhold av verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 a) kan østveggen bygges om, betong i grunnmuren kan erstattes med tørrmur, og huset kan heves etter nærmere vurderinger med gitte vilkår. Det er lagt særlig vekt på at fylkeskommunen som fagmyndighet anser at disse tiltakene ikke vil påvirke verneformålet og verneverdiene nevneverdig.

Dispensasjonen er gitt med følgende vilkår:

- Ombygging av østveggen skje i samsvar med vedlagt målsatt tegning til søknaden.
- Målene på takvinkel skal være som i dag.
- Før huset ev. heves med en høyde på 15 cm, skal grunneier vurdere alternativ løsning for drenering lokalt i bakken på baksida av huset. Ved å grave bort jord og gresstorv kan man hindre at panel kommer i kontakt med bakken.
- Heving av huset kan gjennomføres dersom ikke alternativt tiltak lar seg gjennomføre. Vurdering av alternativt tiltak ved å grave bort jord skal dokumenteres ved rapportering til forvalter før iverksetting.
- Taktekkingsmaterialet skal være gjenbruk av bølgeblikk, eller kjøp av nye bølgeblikkplater som ruster naturlig.
- Nye takrenner bør fortrinnsvis være i matt materiale, f.eks. forpatinert sink.
- Fargebruk skal være i samsvar med hovedbygningen på bruket slik den framstår i dag, hvite dører, hvite lister og rød bygning.
- Etter at arbeidet er avsluttet skal området ryddes, og bygningsrester og avfall skal fraktes ut av området.
- Det skal sendes rapport med bilder av tiltaket til nasjonalparkforvalter når arbeidet er slutført.
- Dersom det blir endringer i planene, skal det tas kontakt med forvalter for vurdering, før arbeidet kan fortsette.

Denne tillatelsen er bare behandlet etter verneforskrifta og naturmangfoldlova.

Tiltaket krever tillatelse fra Årdal kommune i medhold av plan- og bygningslova.

Nasjonalparkstyret vil behandle søknad om motorferdsel og om graving for å oppnå god drenering rundt huset knytta til tiltaket i egen sak.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 24.02.2026

Behandling

Vedtak

Samrøystes som innstillinga.

ST 8/2026 Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - snødekt mark - kvisting av skiløype - Trollvann - Tynholmen Høyfjellsstuer

Innstilling fra forvalter

Med hjemmel i § 3 pkt. 1.3 e) i verneforskrift for Utladalen LVO får Tynholmen Høyfjellsstuer v/ Runar Malkenes tillatelse til kvisting av skiløype rundt Trollsjøen, jf. kart vedlagt søknaden.

Med hjemmel i § 3 pkt. 6.3 j) blir det gitt tillatelse til bruk av snøskuter for kvisting av traséen fra Tynholmen, som går inn i landskapsvernområdet nord for Tyin og videre rundt Trollsjøen.

Dispensasjonen er gitt med følgende vilkår:

- Merkinga kan tidligst starte i uke 11, for ferdigstilling til 20. mars.
- Statens naturoppsyn v/ Stein Windingstad skal ha beskjed om oppstartdato og reg.nr. skuter(e) seinest dagen før: SMS 957 09 933, e-post stein.olav.windingstad@miljodir.no
- Etter vind og/eller snøfall kan det være behov for inspeksjon og re-kvisting. Den som står for kvistinga må gjøre løpende vurdering av behov før en starter vedlikehold, og gi melding til SNO v/ Windingstad. Løypa kan vedlikeholdes/rekvistes til 15. april 2026.
- Det skal fortrinnsvis brukes kvist fra lokale treslag. Slik kvist trengs ikke å samles inn. Dersom det brukes merkestikk av bambus eller kunststoff skal disse samles inn 15. april.

Det er en forutsetning at kvisting og motorferdsel er avklart med grunneier.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 24.02.2026

Behandling

Vedtak

Samrøystes som innstillinga.

ST 9/2026 Dispensasjon - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - 2026 - Motorferdsel - Helikopter - Snøskuter - Transport av materialer, utstyr og personell til Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn

Innstilling fra forvalter

DNT Oslo og Omegn får tillatelse til frakt av varmepumpe, distribusjonssystem for vannbåren varme, utstyr og arbeidsfolk til Skogadalsbøen med snøskuter og helikopter. Tillatelsen til frakt av varmepumpe, distribusjonssystem for vannbåren varme og utstyr med helikopter og snøskuter er gitt med hjemmel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. f) og g) og verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 c) og f). Tillatelse til frakt av personell gis med hjemmel i naturmangfoldloven § 48 første ledd, første alternativ.

Tillatelsen er gitt med følgende vilkår:

- Tillatelsen gjelder transport av varmepumpe, distribusjonssystem for vannbåren varme, utstyr og personell til Skogadalsbøen.
- Tillatelsen gjelder inntil 6 hiv med helikopter tur/retur for frakt av varmepumpe, utstyr og personell.
- Helikoptertransporten skal gjennomføres på en dag i perioden 1. mars – 31. mars 2026.
- Tillatelsen gjelder inntil 20 turer med snøskuter i perioden 1. mars – 31. mars.
- Helikoptertransporten skal skje fra Leirvassbu via Storutladalen, og korteste veg til Skogadalsbøen. Retur samme veg.
- Snøskutertransporten skal følge den kvista løypa fra Leirvassbu – Storutladalen – Skogadalsbøen.
- Bruken av helikopter og snøskuter skal avgrenses til det som er strengt nødvendig, og så langt det er mulig skal den samordnes med vintertransporten i tid og rom, slik at transporten blir mest mulig konsentrert.
- Snøskuter- og helikoptertransporten skal gjennomføres på ukedag, ikke helg.
- SNO v/ Stein Olav Windingstad skal varsles om dato for helikoptertransport og oppstart av skutertransport, seinest dagen før. Kontaktinformasjon til SNO mobilnr. 957 09 933, eller e-post stein.olav.windingstad@miljodir.no.
- Tillatelsen skal tas med ved flyging og vises ved kontroll.
- Det skal føres kjøreskjema som skal være med under transporten, jf. vedlegg til tillatelsen. All transport knytta til denne dispensasjonen, skal føres på vedlagt kjøreskjema som skal fylles ut før hver tur.
- Kjøreskjemaet sendes til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen innen 1. juni 2026.

Tillatelsen gjelder i medhold av verneforskrifta og søker må innhente evt. tillatelse etter motorferdselloven fra kommunene Lom og Luster, og fra grunneier.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 24.02.2026

Behandling

Forvaltar orienterte kort om områdebruken til villrein i området ved å vise til kartforteljingane for villrein i Vest-Jotunheimen i kvalitetsnormen for villrein på Delnormtrevest-jotunheimen | Villrein, og føreslo at vi kan invitere ein fagperson til å orientere om faggrunnlaget for villrein i Vest-Jotunheimen ved eit seinare høve dersom styret ønskjer det.

Ved passande høve ønskjer nasjonalparkstyret ei nærare orientering om områdebruken til villrein i Vest-Jotunheimen frå fagperson.

SNO v/Stein O. Windingstad gjorde merksam på at det bør presiserast i vilkåra for vedtaket at køyrebok må fyllast ut før turen startar og tillatelsen skal takast med ved bruk av snøskuter og ved flyging, og visast ved kontroll.

Vedtak

Samrøystes som innstillinga med tillegg av fløggjande vilkår: Køyrebok må fyllast ut før turen startar og tillatelsen skal takast med ved bruk av snøskuter og ved flyging, og visast ved kontroll.

ST 10/2026 Jotunheimen NP - dispensasjon - 2026 - organisert ferdsel - speiderarrangement - Prosjektgruppen for Nordic Adventure Race 2026

Innstilling fra forvalter

Med hjemmel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.2 får Prosjektgruppen for Nordic Adventure Race 2026 v/ Mari Kirstine Steinestø dispensasjon for gjennomføring av nordisk speiderarrangement på følgende vilkår:

- Tillatelsen gjelder for en gruppe på inntil 300 personer (realistisk anslag inntil 150 personer) innen perioden 10.-16. juli 2026.
- Organisert tur med speidere fra de nordiske landene kan gjennomføres med felles tur langs oppgitt rute Gjendesheim – Besseggen – Memurubu – Memurutunga – Storådalen – Urdadalen – Spiterstulen – Galdhøpiggen og eventuelt mot Glitterheim via Glittertinden. Det er lagt opp til overnatting etter første dag på tilrettelagt område ved Memurubu, etter avtale med turisthytta. Øvrig overnatting er planlagt utenom nasjonalparken.
- Det er lagt opp til en veldig lang og krevende tur på dag 2, men forvaltninga legger til grunn at det ikke etableres noen overnattingsleir undervegs her, jf. søknaden og oppfølgende dialog med søker. Dersom det etter prøvetur forsommeren 2026 oppstår ønske etablering av teltleir undervegs, må aktuell lokalisering avklares med nasjonalparkforvalter og med grunneier Statskog / Lom fjellstyre på forhånd.

- Turen må organiseres slik at alle deltakerne får informasjon om ferdselsregler og opplegg for søppelhåndtering m.m. Alle skal ha informasjon om regler for ferdsel i verneområdet, som forbud mot bruk av drone og generelle krav til hensynsfull ferdsel.
- Alt avfall/søppel må samles og tas med ut. Det er ikke tilrettelagt renovasjonsordning i nasjonalparken, slik at alt søppel fra turen må tas med ut av verneområdet.
- Toalettavfall skal dekkes til for å hindre forsøpling og uhygieniske forhold i området langs ruta. Det må bare brukes nedbrytbart toalettpapir. Eventuelle våtservietter må samles og fraktes ut sammen med øvrig søppel.

SNO v/ Stein Windingstad er varslet om tidsrom for arrangementet, ved kopi av vedtaket.

Vilkår er i samsvar med veiledende forvaltningsplan. Retningslinjer for organisert ferdsel vil bli nærmere vurdert i pågående revisjon av forvaltningsplanen for Jotunheimen og Utladalen.

Dispensasjonen gjelder i forhold til verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark. Det forutsettes at grunneier ikke har innvendinger til arrangementet, med de føringene som gjelder for søppelhåndtering og øvrige krav til mest mulig sporløs ferdsel.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 24.02.2026

Behandling

Vedtak

Samrøystes som innstillinga.

ST 11/2026 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 24.02.2026

Behandling

Vedtak

Det blir sett 2 timar førebuing. Møtetid runda opp til 2 timar.